

# Voss Utferdsdag



NVE, Konsesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 OSLO

Dykker referanse: 201005093-10  
Saksnr: 201207582

## Høyringsuttale Tverrelvi kraftverk.

Voss Utferdsdag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadene i Vossapakka.

Prosjektet vil ha ein midlertidig veg langs røygatetraseen med lengde på ca 100 meter. Ryddebeltet i denne traseen vil bli omtrent 25 meter breitt, og vegen vil være 6 meter brei. Prosjektet vil ha terrenginngrep i form av vegar, inntaksdam, røyrtrase og kraftstasjon. Ei 1200 m rørgate som gjev stor fart på vatnet og reduserer naturleg absorbering av vatn. Dette vil være negativt for Teigdalselva og Evangervatnet som har kjente vanskar med flaum og erosjon. Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av rørgate, anleggsveg, anleggspllass, kabelgrøft, og kraftverk etc. Tiltaket vil medføre eit totalt bortfall av INON på omtrent 1,68 km<sup>2</sup>. Dette må ein unngå.

Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur her lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein ráde ifrå konsesjon til fleire. Søknad gir liten effekt sett i forhold til dei negative konsekvensane av utbygginga. Her er potensielt store tap av urørt natur, med inngrep i naturmangfaldet og dei konsekvensar det har for notid og framtid.

Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Større mengder vatn, med større fart vil påverke flaumbilete.

Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med konsekvensar for totalbiletet.

Me meiner det er viktig å vektlegge kor viktig urørt natur er for mangfold, friluftsliv og rekreasjon. I området Voss er det mykje utbygging, og området Brekkhus er allereie sterkt påverka av utbygging.

Voss Utferdsdag vil rá ifrå at Tverrelvi kraftverk vert gjeven konsesjon.

# Voss Utferdsdag

Richard J. Jacobsen  
Styreleiar



Toril Hunnålvatn  
Dagleg leiar

Voss 09.03.2017